

Årsrapport 2002

Rektor Karl Olav Nummedal
Høgskoledirektør Nils Mæhle

Nygårdsgaten 112, Bergen



Nøkkeltall

	2002	2001
Søknadstall *	29 102	23 100
Antall studenter høst*	5 693	5 665
Antall ansatte *	538	516
Sum bevilgninger (i 1000 kroner)	375 436	326 435

*Kilde: *Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD)*

Høgskolestyret

[Styremedlemmer 2002](#)
[Styrets beretning 2002](#)

Rapporter

[Rapport om resultatene av verksemda i 2002](#)

Høgskolestyrets medlemmer 2002

Leder (rektor): Karl Olav Nummedal
Nestleder (prorektor): Britt Hamre

Tilsatte i undervisnings- og forskerstillinger

Arne Johan Haugland
Nora Linden
Dag Opseth

Teknisk-administrativt personale

Trine Kvernhusvik

Studenter

Ellen Johnsen (til 31.07.)
Jørn Are Lundin (til 31.07.)
Lone Næss (fra 01.08.)
Daniel Granly (fra 01.08.)

Eksterne representanter

Brynjulv Hernes
Åse Løkeland
Are Tomasgard

Styrets beretning 2002

Høgskolestyrets medlemmer

Styret har hatt 9 styremøter og 2 seminarer. Styret behandlet i alt 93 saker i 2002. Sentralt i styrearbeidet har vært kvalitetsreform av høgre utdanning, framlegg til endret lov om universitet og høgskoler, utfordringer innenfor hovedarbeidsområdene inkludert budsjettarbeid og nybygg.

Kvalitetsreform av høgre utdanning og framlegg til endret lov om universitet og høgskoler

Styret vedtok å dele opp arbeidet med kvalitetsreformen i fire delprosjekter og fattet vedtak i to av disse:

studiekvalitet og læringsmiljø som har ført til gjennomarbeiding av gjeldende ikke fagområder.
nytt finansieringssystem med ny budsjettfordelingsmodell og nettobudsjettering

I de to gjenstående delprosjektene:

styring, organisering og ledelse og
planer og dokumentasjon av kvalitetsarbeid

har styret fattet viktige prinsipielle vedtak.

Møter med avdelingene

Styret hadde separate møter med hver av avdelingene. På kartet sto bl.a. avdelingenes arbeid med kvalitetsreformen, studiekvalitet, FoU-virksomhet, kurs og oppdrag og internasjonalisering. Disse møtene har vært viktige grunnlag for aktuelle styrevedtak.

Møte med studentparlamentet

For første gang siden høgskolen ble etablert, møtte styret studentparlamentet og studentrådene. I tillegg til at styret ble kjent med studentrådenes utfordringer på de fem studiestedene, drøftet styret styring, organisering og ledelse med studentparlamentet og studentrådene.

Personalet

Styret har fått rapportert den samlede personalsituasjon inkludert HMS-data knyttet til personalet ved høgskolen: alderssammensetning, rekrutteringssituasjon, turnover, antall uføre og antall ansatte som i 2001 har valgt AFP, skademeldinger og sykefravær. Høgskolen har en seniorpolitikk som styret har vært en aktiv pådriver av.

Nybygg på Kronstad

Styret er jevnlig orientert om og fattet vedtak vedr. samlokalisering av høgskolen. Prosessen med å planlegge det nye bygget er godt i gang, og Statsbygg har kjøpt tomten som skal benyttes.

Rapport om resultatene av verksemda i 2002

Rekneskap 2002

Undervisning, lærings- og arbeidsmiljø

Forsking og utviklingsarbeid

Internasjonalisering

Formidling

Eksternt finansiert verksemd og randsonelinstitusjonar

Administrative omstillingstiltak

Bygg og leige

Personalpolitikk

Spesielle område

Lærlingplassar

1. Rekneskap 2002

1.1 Balansen mellom budsjett og rekneskap

Tabell 1.1 Budsjett og rekneskap 2002 - netto løyvingar og netto utgifter

Kap 0274				Blir søkt overført til	Overføringer til 2002
Post		Løyving	Rekneskap	2003	
01	Lønn & drift	344 842	333 960	10 882	6 219
21	Særskilde driftsutgifter	18960	18 646	314	0
45	Store nyinnkjøp	11 634	10 368	1 266	3 343
Sum kap 0274		375 436	362 974	12 462	9 562
Kap 0281					
Post					
01	Lønn & drift	1 426	1 425	1	121
21	Særskilde driftsutgifter			-	0
Sum kap 0281		1 426	1 425	1	121
Kap 0228					
Post					
21	Særskilde driftsutgifter	-	-	-	0
Sum kap.0274, 0281 og 0228		376 862	364 399	12 463	9 683

Alle tal i 1000kr

Tabell 1.1 viser nettobalansen mellom budsjett og rekneskap. Høgskolen hadde i 2002 eit netto mind-reforbruk på kap. 0274, 0281 og 0228 på kr 12 463 000, som er søkt overført til 2003. I 2001 var det tilsvarende talet kr 9 683 000. Drifta (post 01) viser eit netto mindreforbruk på kr 10 882 000, medan Særskilde driftsutgifter (post 21) viser eit netto overskot på kr 321 000. På post 45 stod det att kr 1 266 000, på kap. 0281 kr 1 000. På kap. 0228 var det korkje løyvingar eller utgifter i 2002. Inntektene steig frå kr 50 790 i 2001 til kr 53 755 i 2002.

1.2 Spesifikasjon av rekneskapen til budsjetteringsformål

Tabell 1.2.I viser utgiftsendingane i kroner og prosent frå 2001 til 2002 og den prosentvise fordelinga av driftsutgiftene i 2001 samanlikna med 2002.

Tabellen viser m.a. at høgskolens totale utgifter på kap. 0274 steig frå kr 367 930' i 2001 til kr 397 193 (+8,0) i 2002. På post 01 auka lønnsutgiftene med 10,9%, andre driftsutgifter ekskl. bygg med 6,9% og drift av bygg med 6,4%. Tabellen viser at så vel lønnsdelen (60,7%) som andre driftsutgifter ekskl. bygg (18,1%) og drift av bygg (20,5%) har halde seg konstant i forhold til 2001.

Post 01.11 organiserte stillingar, som er den posten som tyngjer mest i rekneskapen, steig med 10,9% i forhold til 2001. Utgiftene ved sjukefråvær (01.11.7) gjekk ned frå kr 1 819' i 2001 til kr 1 429' (-21,4%), medan overtidsutgiftene (01.11.8) gjekk ned frå kr 566' i 2001 til kr 486' (-14,1%) i 2002.

Post 01.12 ekstrahjelp som blir brukt til å lønne bibliotekvaktar og korttidshjelp, auka frå kr 4 133' i 2001 til kr 4184 (+1,2%) i 2002.

Post 01.13 bistillingar skal dekkje utgifter til eksamen, timelærarar, timeøvingslærarar, øvingsundervisning i barnehage mv. Utgiftene på denne posten gjekk ned frå kr 24 795' i 2001 til kr 21 719' i 2002.

Post 01.15 reinhaldspersonale blir ikkje brukt da høgskolen bruker reinhaldsbyrå. Utgiftene blir difor førte på post 01.29.7.

Post 01.21-27 i tabell 1.2.I auka frå kr 61 666' i 2001 til kr 65 945' (+6,9%) i 2002.

Tabell 1.2.I Spesifikasjon av rekneskapen Post	Rekneskap 2001	Rekneskap 2002	Endring %	2001	2002
				%-del av driftsutg.	%-del av driftsutg.
01.11. Stillingar	150 744	167 202	10,9 %	44,1 %	46,0 %
01.12. Ekstrahjelp	4 133	4 184	1,2 %	1,2 %	1,2 %
01.13. Bistillingar med meir	24 795	21 719	-12,4 %	7,3 %	6,0 %
01.14. Læringar med meir	207	206	-0,5 %	0,1 %	0,1 %
01.15. Reinholdspersonale				0,0 %	0,0 %
01.17. Styre, råd, utval	353	327	-7,4 %	0,1 %	0,1 %
01.18. Trygder, pensjon	25 623	27 059	5,6 %	7,5 %	7,4 %
01.19. Vikar ved stipendpermisjon	1 416	26	-98,2 %	0,4 %	0,0 %
Sum lønnsutgifter	207 271	220 723	6,5 %	60,7 %	60,7 %
01.21. Maskinar, inventar, utstyr	7 342	7 034	-4,2 %	2,1 %	1,9 %
01.22. Forbruksmaterieill	7 814	9 105	16,5 %	2,3 %	2,5 %
01.23. Reiseutgifter m.m.	11 383	10 554	-7,3 %	3,3 %	2,9 %
01.24. Kontortenester med meir	8 207	9 037	10,1 %	2,4 %	2,5 %
01.25. Konsulenttenester	10 670	11 802	10,6 %	3,1 %	3,2 %
01.26. Ymse driftsutgifter	16 181	18 292	13,0 %	4,7 %	5,0 %
01.27. Vedlikehald og drift av maskinar, transportmiddel	69	121	75,4 %	0,0 %	0,0 %
Sum andre driftsutgifter ekskl. bygg	61 666	65 945	6,9 %	18,0 %	18,1 %
01.28. Vedlikehald av bygg og anlegg	2 517	2 390	-5,0 %	0,7 %	0,7 %
01.29. Bygningers drift, lokaleie	70 200	74 474	6,1 %	20,5 %	20,5 %
Sum post 01 Driftsutgifter	341 654	363 532	6,4 %	100,0 %	100,0 %
21.12. Lønn og godtgjersle, oppdrag	13 122	13 220	0,7 %		
21.18. Trygder	1 852	1 864	0,6 %		
21.22. Varer og tenester, ordinært	4 307	8 205	90,5 %		
Sum post 21 Spesielle driftsutgifter	19 281	23 289	20,8 %		
45.11. Større utstyrsjøp	6 995	10 372	48,3 %		
Totalsum	367 930	397 193	8,0 %		

Tabell 1.2.II viser at utgifter til drift av bygg (post 01.29) auka med +6,1% i 2002. Leige av lokale steig med 8,6%, medan utgifter til Reinhold ved byrå gjekk ned -12,4%, men det skuldast i første rekkje at ei rekning på ca. 1 mill.kr først blei betalt i januar 2001 i staden for i desember 2000.

Utgifter til Elektrisitet, brensel auka med heile 16,1% i 2002 på grunn av ny dyrare el-avtale.

Tabell 1.2.II Drift av bygningar, husleige	Rekneskap	Rekneskap	Endring
Post	2001	2002	%
01.29.1 Elektrisitet, brensel	5 731	6 654	16,1 %
01.29.2 Ådgangskontroll	564	1 046	85,5 %
01.29.3 Forbruksmateriell	1 027	573	-44,2 %
01.29.5 Festeavgift			
01.29.6 Andre driftsutgifter	949	621	-34,6 %
01.29.7 Reinhold ved byrå	8 888	7 786	-12,4 %
01.29.8 Vakhald	381	645	69,3 %
01.29.9 Skatter og avgifter	45	0	-100,0 %
Sum 01.29.1-01.29.9 (unntake 01.29.4)	17 585	17 325	-1,5 %
01.29.4 Leige av lokale	52 616	57 149	8,6 %
Sum underpost 01.29	70 201	74 474	6,1 %

Post 21 spesielle driftsutgifter auka frå kr 19 281' i 2001 til kr 23 389' (+21,3%) i 2002. Inntektene ved denne verksemda (kap.3274, post 01 oppdrag) auka frå kr 18 351' i 2001 til kr 23 890' (+30,2%) i 2002. Det gir eit nettooverskot på kr 314' som er søkt overført til 2003.

Post 45. Høgskolen hadde kr 11 634' til disposisjon på denne posten i 2002 inkl. overføring frå 2001. Av desse blei det brukt kr 10 368'. Høgskolen har såleis eit ubrukt beløp på kr 1 266', som er søkt overført til 2003.

Tabell 1.2.III viser at høgskolens inntekter auka frå kr 50 790' i 2001 til kr 53 007' (+ 4,4%) i 2002. Inntektskravet frå UFD (etter parallelle justeringar) var kr 30 234', dvs. at høgskolen hadde ei samla meirinntekt på kr 22 773', som er brukt til å dekkje meirutgifter på kap 0274. Det er i først rekkje Inntekter ved oppdrag som har auka (+30,2%), Salsinntekter m.v. gjekk derimot ned (-13,5%) . Refusjon av sjukepengar gjekk ned frå kr 5 858' i 2001 til kr 4 650' (-20,6%) i 2002 på grunn av mindre sjukefråvær.

Tabell 1.2.III Spesifikasjon av inntekter	Rekneskap	Rekneskap	Endring
Post	2001	2002	%
01 Inntekter ved oppdrag	18 351	23 890	30,2 %
02 Salgsinntekter m.v.	14 973	12 952	-13,5 %
03 Diverse inntekter			
11 Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	9 643	9 484	-1,6 %
15 Refusjon av arbeidsmarknadstiltak	757	576	-23,9 %
16 Refusjon av fødselspengar	1 118	1 410	26,1 %
17 Refusjon lærlingar	90	45	-50,0 %
18 Refusjon av sjukepengar	5 858	4 650	-20,6 %
Sum inntekter	50 790	53 007	4,4 %

1.3 Utgifter til praksisopplæring i lærarutdanninga og innanfor helsefaga

Tabell 1.3 viser korleis dei forventa utgiftene til øvingsopplæring i 2003 vil bli samanlikna med 2002.

Utdanning	2002		Forventa 2003	
	(Alle tall i 1000kr)		Lønn * Andre utgifter	Lønn * Andre utgifter
Allm.lærer-, faglærer og PPU-utdanning	2 521	7 864	160	11 000
Førskolelærerutdanning	3 275	2 080	1 264	4 200
Helse- og sosialfagutdanning	174	7 742	215	8 200
Sum utgifter øvingsoppl. og praksis	5 970	17 686	1 639	23 400

*Inkl. 14,1% arb.givaravgift

Lønn (inkl. arb.g.utg.) er utgifter som høgskolen betaler til enkeltpersonar, medan andre utgifter er utbetalingar til kommunar, sjukehus o.l. over post 01.25.2/ 01.26.6/7. Utgiftene til helse-og sosialfagutdanningane er slegne saman.

1.4 Tiltak for å betre økonomistyringa

Ansvaret for forvaltninga av høgskolens økonomiske ressursar ligg dels sentralt og dels på avdelingane. Dei tildelte løyvingane skal haldast. Eventuelle overskriddingar blir trekte frå neste års budsjett, medan ubrukne midlar blir lagde til etter dei same prinsippa som departementet bruker overfor høgskolane. Høgskolen utarbeider månadlege økonomioversikter for kvar resultateining og for høgskolen samla. Høgskolen har samanliknbare tal på underunderpostnivå for kvar resultateining , som blir brukte til nærare analyse av forbruk, tildelingar pr. student o.l.

Høgskolen har hatt ei intern prosjektgruppe til å førebu overgangen til nettobudsjettering med ny kontoplan frå 1.1.03. Alle økonomimedarbeidarane har fått ei grundig opplæring i det nye systemet.

1.5 Økonomirapportering

Høgskolens interne månadlege økonomioversikter dannar grunnlaget for dei kvartalsvise rapportane som skal oversendast UFD. Rapporteringa skjer via DBH-basen hos Norsk samfunnsvitskapleg datateneste, NSD. Styret får rapport om høgskolens økonomi kvart kvartal. Rapporteringa byggjer på prognosetal for den økonomiske utviklinga innanfor den ordinære verksemda og prosjekt- og oppdragsverksemda.

[Til toppen](#)

2. Undervisning, lærings- og arbeidsmiljø

2.1 Utvikling i studenttal

Utvikling i søkjar- og opptakstal

Høgskolen hadde til studieåret 2002-03 ein auke i søkjartala på ca. 26%. Nedanfor er vist endringane i søkjartala for enkelte studium:

Høgskoleingeniørutdanning	+ 7,0 %	Dei fleste linjene fylte målalet
Allmennlærerutdanning	+ 11,6 %	Underopptak på 12 studentar
Førskolelærerutdanning	+ 2,5 %	Underopptak på 5 studentar
Sjukepleiarutdanning	+ 3,8 %	Eit lite overopptak
Radiografutdanning	+ 22,0 %	Eit lite overopptak
Vernepleiarutdanning	+ 7,8 %	Overopptak
Ergoterapeututdanning	+ 0,0 %	Overopptak
Fysioterapeututdanning	+ 1,0 %	Eit lite overopptak

Høgskolen hadde også god søkning til dei uprioriterte studia, og måltalet for studia blei oppfylt.

Studietilbodet i yrkesfaglærerutdanning hadde svært dårleg søkning for andre året på rad og blei derfor ikkje starta opp i 2002.

Det var ikkje opptak til allmennlærerutdanning i naturfag. I staden blei opptaket til ordinære allmennlærerutdanninga auka tilsvarande. Underopptaket i allmennlærerutdanninga skuldast fråfall ved suppleringsopptaka.

Til førskolelærer-, vernepleiar- og sjukepleiarutdanningane tek høgskolen opp til deltidsutdanning annakvart år. Høgskolen hadde ikkje opptak til desse utdanningane i 2002.

Høgskolen tok opp 51 studentar til tresemesterordning ved ingeniørutdanninga med fordjupingsfaga matematikk og fysikk. Tresemesterordninga saman med 21 søkjarar til restetorget gjorde at måltala ved dei fleste linjene blei oppfylte.

Høgskolen fekk 770 søknader om opptak etter vurdering av realkompetanse. Av desse fekk 70 tilbod om studieplass. Av desse tok 51 imot tilbodet, dei fleste innanfor helsefagutdanningane.

Studenttal

Høgskolens måltal for 2002 var 4596 studentar (heiltid) for eigenfinansierte studium, medan det reelle studenttalet var 4 888. Avdeling for lærarutdanning låg under måltalet, medan Avdeling for ingeniørutdanning låg tett opp til, og Avdeling for helse- og sosialfag låg godt over måltalet.

Ved *Avdeling for lærarutdanning* hadde allmennlærerutdanninga eit fråfall på 145 studentar undervegs i studiet, medan førskolelærerutdanninga heldt om lag måltalet. Sjølv om avdelinga tok opp til årseiningar/halvårseiningar utover tildelt ramme, vog det likevel ikkje opp for fråfallet.

Avdeling for helse- og sosialfag hadde 125 studentar over måltalet. Alle dei prioriterte studia hadde fleire studentar enn måltalet. Høgskolen hadde opptak til jordmorutdanninga både i januar og august 2002 som ei overgangsordning til opptak berre om hausten, frå 2003. Avdelinga tok opp til både heiltids- og deltidsutdanning i psykisk helsearbeid.

Avdeling for ingeniørutdanning hadde samla sett fleire studentar enn måltalet.

Høgskoleingeniørutdanninga hadde 77 studentar under måltalet, medan bioingeniørutdanninga heldt måltalet. 17 studentar går siste året på yrkesfaglærerutdanninga i elektrofag og mekaniske fag. Det er ikkje teke opp studentar til denne utdanninga i 2001 og 2002, og det vil heller ikkje bli teke opp studentar til denne utdanninga i si noverande form. Det var god søkning både til den 2-årige utdanninga og til bachelorstudiet innanfor økonomisk-administrative fag. Det ble teke opp 75 studentar over det interne måltalet på 70. Studentar på det 2-årige studiet kan supplere med eitt års logistikkstudium og dermed få bachelorgrad.

2.2 Samarbeid mellom høgre utdanningsinstitusjonar

Høgskolen har samarbeid med fleire andre utdanningsinstitusjonar både når det gjeld grunnutdanning, vidareutdanningar og hovudfag.

Grunnutdanningar

Hausten 2000 starta Høgskolen i Bergen ei desentralisert radiografutdanning i samarbeid med Høgskolen i Gjøvik. Høgskolen i Bergen har det faglege ansvaret, medan Høgskolen i Gjøvik har studentane og det administrative ansvaret for gjennomføringa.

Høgskolen samarbeider med Universitetet i Bergen om mellomfag i praktisk pedagogikk og om høgare musikkutdanning innanfor paraplyorganisasjonen Griegakademiet. Institutt for musikk ved universitetet og musikkseksjonen ved Avdeling for lærarutdanning ved høgskolen deltek i dette samarbeidet.

Vidareutdanningar

Gjennom samarbeidet med Universitetet i Bergen og Norges Handelshøyskole i Nettverk Vidareutdanning Bergen har høgskolen utvikla fleire vidareutdanningstilbod som blir finansierte gjennom oppdrag eller deltakaravgift. Studia er blitt til gjennom samarbeid med ulike oppdragsgivarar frå privat og offentleg sektor.

Nettverksuniversitetet er eit ope samarbeid mellom norske universitet og høgskolar om utdanning på nettet. Gjennom Nettverksuniversitetet samarbeider Høgskolen i Bergen om vidareutdanning i Helse- og sosialinformatikk 60 sp som deltidsstudium over to år

Hovudfag

Høgskolen samarbeider med Universitetet i Bergen om *hovudfag i historie med samfunnsfagdidaktikk* og *hovudfag i praktisk pedagogikk*.

2.3 Studiekvalitetsarbeid, lærings- og arbeidsmiljø

Studentgjennomstrøyming

Studentgjennomstrøyminga er rekna ut som forholdet mellom opptatte studentar og ferdige kandidatar for eitt kull.

Ved Avdeling for lærarutdanning hadde allmennlærerutdanningane ein gjennomstrøymingsprosent på 66 %, (dvs. 59 kandidatar færre enn UFDs tal), førskolelærerutdanninga på 76% (-7) og den praktisk-pedagogiske utdanninga 97,5%. Avdelinga har lagt om reglementet for progresjon i studia med verknad frå 1.1.02 for å få fleire studentar gjennom studia på normert tid. Det er enno for tidleg å vurdere effekten av omlegginga.

Ved Avdeling for helse- og sosialfag var gjennomstrøymingsprosenten for sjukepleiarutdanninga 92% (- 1 kandidat i.f.t. UFDs tal), ergoterapiutdanninga 73% (-5), fysioterapiutdanninga 79,7% (+0), radio-grafutdanninga 67,8% (-4), sosionomutdanninga 76% (-6), vernepleiarutdanninga 94,8%.

Ved Avdeling for ingeniørutdanning var gjennomstrøymingsprosenten for ingeniørutdanninga 66,3% (-29 kandidatar i.f.t. UFDs tal) og for høgskoleutdanningane (økonomisk-administrativ utdanning og jordskifteutdanning) 75,7%.

Læringsmiljøet

Høgskolen har starta eit studietilbod i høgskolepedagogikk for undervisningspersonale som ikkje har pedagogisk utdanning.

Funksjonshemma studentar

Høgskolen har ein handlingsplan for funksjonshemma studentar der det er nedfelt kva rettar studentane har i forhold til tilpassing av studiemiljø og eksamen. Det er oppretta eigne kontaktutval ved avdelingane som har som oppgåve å leggje forholda til rette for desse studentane.

TOMAS-prosjektet

Universitetet i Bergen, Studentsamskipnaden i Bergen og Høgskolen i Bergen har saman etablert TOMAS-prosjektet (Trivsel og Meistring av Studium). Gjennom prosjektet har studentar fått tilbod om deltaking i studiemeistringsgrupper, seminar om læringsstrategiar for studentar med dysleksi, seminar i meistring av eksamens- og prestasjonsangst og karriererettleiing.

Karrieresenteret

Studentsamskipnaden i Bergen (SiB), HiB, UiB og Bergen Næringsråd har gått saman om eit karrieresenter. Karrieresenteret tilbyr studentane rettleiing i samband med jobbsøking, jobbsøkjekurs, intervjutrening, karriererettleiing, bedriftspresentasjonar og etablerarkurs. Karrieresenteret formidlar kontakt med næringslivet om hovudoppgåver, prosjektoppgåver, bedriftsbesøk, traineestillingar m.m.

Utdanning i Bergen

Utdanning i Bergen er eit samarbeidsprosjekt mellom SiB, HiB, UiB, NHH, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Bergen Næringsråd for å gjere Bergen til ein attraktiv studentby.

Bergen uavhengige sosialrådgiving (BUS)

BUS er ei frivillig studentdriven sosialrådgivingsteneste i regi av høgskolen. Det er eit gratis tilbod til befolkninga i Bergen kommune og omland. I 2002 fekk BUS tilskot på kr 50 000 frå Bergen kommune. BUS blei kontakta av 175 personar i 2002.

Studentsamskipnaden

Høgskolen er representert i styret for SiB. NHH og HiB vekslar om å ha røysterett, men representantane frå begge institusjonane har tale- og forslagsrett. Det er alltid studentrepresentantar frå høgskolen i styret. Leiinga ved HiB, SiB og Studentparlamentet har eit samarbeidsmøte i byrjinga av kvart semester, der problem blir tekne opp og diskuterte, og det blir sett opp gjennomføringsplanar for saker som skal løysast.

Fadderordning

Høgskolen har etablert eit samarbeid med Studentparlamentet om ei fadderordning for nye studentar.

Kvalitetsreforma

Høgskolens styre vedtok i februar 2002 ein prosjektplan for høgskolens arbeid med kvalitetsreforma. I 2002 har høgskolen arbeidd med delprosjekt 1: Studiekvalitet og læringsmiljø. Ved overgang til bachelorstudium er fag- og studieplanar blitt reviderte, særleg vurderingsordningane. For alle studia er det innført alternative vurderingsformer i forhold til eksamen. Det er gjennomført eit seminar for høgskolens tilsette med tema: Alternative vurderingsformer og forholdet mellom undervisning, vurderingsformer og studieåtfærd.

Aktuelle endringar i lov om universitet og høgskolar er tatt inn i høgskolens reviderte eksamensforskrift. Det er fastsett reglar for vurdering og evaluering av studium og vurderingsordningar.

Våren 2003 er det planlagt arbeid innanfor tre viktige område i kvalitetsreforma: Utvikling av eit kvalitetssystem, tilrettelegging for bruk av utdanningsplanar og oppretting av og mandat for eit læringsmiljøutval. Dette arbeidet skal vere klart frå hausten 2003.

Høgskolen har etablert ein pris for godt læringsmiljø, som blir delt ut kvart år.

2.4 Nye studium/fag og nedlegging av studium/fagtilbod

I 2002 har høgskolen oppretta fem nye studium ved Avdeling for helse- og sosialfag:

Vidareutdanning i medisinsk treningsterapi (10 sp) som deltidsstudium og t av Vaksenopplæringsinstituttet og delvis ved deltakaravgift.

Tenesteyting til menneske med utviklingshemming (6 sp) som deltidsstudium

Vidareutdanning i klinisk miljøterapi (60 sp) som desentralisert deltidsstudium i lseregion Vest, finansiert med oppdragsmidlar og ved kursavgift.

Vidareutdanning i samlivs- og prevensjonsrettleiing for ungdom (6sp) som

Vidareutdanning i kardiologisk sjukepleie (45sp) som deltidsutdanning over tre år

Ved Avdeling for lærarutdanning er det oppretta eitt studium:

Teiknspråk (60 sp) i samarbeid med Eikelund kompetansesenter

I staden for opptak til allmennlærarutdanning med naturfag tilbyr avdelinga ei årseining i natur- og mil-jøfag. Årseininga kan inngå som valfag i lærarutdanninga og dermed vere med å styrkje denne delen av lærarutdanninga.

På grunn av dårleg søkning er det heller ikkje teke opp studentar til yrkesfaglærarutdanning i teknologiske fag. Høgskolen er usikker på om at det er behov for denne utdanninga, og reknar med at departementet vil gjennomføre ei grundig vurdering av tilbodet.

2.5 Fleksible utdanningstilbod. Etter- og vidareutdanning, fjernundervisning og desentraliserte studietilbod

Sjukepleiarutdanning over 4 år

Høgskolen tilbyr desentralisert sjukepleiarutdanning som deltidsutdanning over fire år med opptak anna kvart år. Ein del av undervisninga er lagd til enkelte kommunar.

Førskolelærarutdanning over 4 år

Hausten 2001 tok høgskolen opp eit nytt kull med førskolelærarstudentar på Voss. Det er førebels ikkje planlagt eit nytt desentralisert opptak til denne utdanninga.

Vidareutdanningar

Gjennom Nettverksuniversitetet tilbyr høgskolen desse vidareutdanningseiningane:

Helse- og sosialinformatikk(60 sp) som deltidsutdanning over to år.

Engelsk (30 sp) fjernundervisning deltid (SOFF)

Pedagogisk arbeid på småskoletrinnet del 1 og del 2, deltid (à 30 sp)

Høgskolen har i 2002 tilbode desse nettbaserte betalingsstudia:

Kommunikasjonsarbeid (15 sp)
Kreativ webdesign (15 sp)
Multimedia for web (15 sp)
Nettpublisering (15 sp)
Vidaregående webdesign (15 sp)

Høgskolen har uteksaminert 122 kandidater frå desse studia i 2002.

Det er avdelingane og Mediesenteret som organiserer desse etter- og vidareutdanningstilboda.

Vidareutdanning i psykisk helsearbeid

Høgskolen tek kvart år opp til vidareutdanning i psykisk helsearbeid. Hausten 2002 tok høgskolen des-sutan også opp til deltidsutdanning over 2 år. Studiet er tverrfagleg.

Tabell 2.5 Psykisk helsearbeid

Studium opptak hausten 2002	Måltal	Talet på søknader	Tal på tilbod	Studentar pr. 01.10.02
Psykisk helsearbeid, heiltid	35	88	51	36
Psykisk helsearbeid, deltid	30	95	44	29

31 studentar fullførte studiet våren 2002.

2.6 Spesielle rekrutteringstiltak

Høgskolen har generelt god rekruttering til studia. Søkningen til ingeniørutdanningane er god, men mange fell frå i løpet av opptaksprosessen fordi dei ikkje har spesiell studiekompetanse. Etter innføringa av tresemesterordninga er det fleire søkjarar som tek imot studietilbod. Høgskolen har registrert at det er mange søkjarar som er motiverte for ingeniørutdanning, men som ikkje fyller kravet om fordjuping i matematikk og fysikk. Fordi høgskolen ikkje har vore tilfreds med gjennomføringa av tresemesterordninga, er det frå våren 2003 etablert eit halvårig forkurs for ingeniørutdanninga. Opptakskravet er generell studiekompetanse eller realkompetanse for ingeniørutdanning, og det blir undervist i fordjupingsfaga matematikk og fysikk. 46 søkjarar begynte på studiet. Høgskolen har avtale med Danielsen intensivgymnas om gjennomføring av tresemesterordning for aktuelle søkjarar, men reknar med at behovet vil avta etter innføringa av forkurset.

2.7 Bruk av midlar til omstilling og til Kvalitetsreforma 2002

Høgskolen fekk ei løyving på kr 3 892 000 til Kvalitetsreforma 2002. Av desse har høgskolen brukt kr 2 300 000 i 2002, medan kr 1 592 000 er planlagt brukte i 2003. Avdeling har fått tildelt kr 640 000 kvar, medan Sentraladministrasjonen har fått kr 80 000 til Delprosjekt 1: Studiekvalitet og læringsmiljø. Sentraladministrasjonen har i tillegg fått kr 300 000 til dekking av lønn til leiar for prosjektet.

[Til toppen](#)

3. Forsking og utviklingsarbeid

Dei strategiske føringane for høgskolens forskings- og utviklingsarbeid ligg til eit styreoppnemnt utval for FoU-og oppdragsverksemd (FO-utvalet). Utvalet blir leia av rektor og består av dekanane, 2 studentar og ein ekstern styrerepresentant. Studiedirektøren har sekretæransvaret via FoU-leiar, som også leiar ei administrativ arbeidsgruppe for FoU. Arbeidsgruppa er samansett av ein tilsett frå kvar avdeling med ansvar for FoU-verksemda.

Den administrative gruppa er premissleverandør til FO-utvalet, skal utarbeida rapportar om FoU-verksemnda, syte for informasjon om forskingsprogram og søknadsfristar, hjelpe til med søknadsskriving, og koordinere og bidra til samarbeid på tvers av avdelingane.

3.1 Utviklinga i talet på personar i doktorgradsprogram

I 2002 hadde Høgskolen i Bergen 9 stipendiatar i doktorgradsprogram. I tillegg har høgskolen 6 ledige stipendiatstillingar, men av desse er 4 under tilsetting i 2003. 27 tilsette arbeider med doktorgrad utan å vere tekne opp i eige program (jf. tabell 3.9.2).

3.2 Kandidatar i doktorgradsprogram

Fem tilsette har fullført doktorgradsutdanninga i 2002.

3.2 Strategiske prioriteringar

Våren 2002 fullførte høgskolen arbeidet med ein ny strategisk plan for FoU. Med basis i denne blei det etter søknad tildelt 1,5 mill. kr i prosjektstøtte til tilsette for året 2003. I tillegg tildeler avdelingane FoU-tid til tilsette etter søknad. For å få støtte må prosjekta liggje innanfor dei strategiske satsingsområda, og det skal rapporterast om bruken av midlane.

Høgskolen har vært aktiv i søknadsprosessane til NFRs program for høgskolesektoren: KUPP, Strategisk høgskoleprogram og Næringsretta høgskoleprogram. Det blei levert søknader til alle desse programma. Høgskolen blei tildelt eitt prosjekt innanfor Næringsretta høgskoleprogram.

Fem tilsette er tekne opp i Vestnorsk Nettverk- Forskarutdanninga.

Høgskolen i Bergen etablerte i 2002 eit 2-årig kompetansehevingsprogram for tilsette som vil søkje opprykk til førstelektor. Programmet starta opp hausten 2002. Heile 70 tilsette deltek i programmet, som kombinerer felles samlingar/undervisning med rettleiing gjennom heile kvalifiseringsperioden.

3.4 Vitskaplege publikasjonar

Tabell 3.1

	K1	K2	K3	K4	K5	K6	K7	K1-K7
Avdeling/Eining	Artiklar i internasjonale vitskaplege tidsskrift	Artiklar i nasjonale vitskaplege tidsskrift	Faglege bøker/ lærebøker	Kapittel i faglege bøker/ lærebøker	Andre vitskaplege rapportar ved HiB	Andre vitsk. rapportar utgitte utanfor HiB	Foredrag ved vitskaplege konferansar	Alle kategoriar samla
Læruddanning		2	3	9	4	9	17	60
Ingeniøruddanning		9	0	0	0	7	10	41
Helse- og sosialfag		5	3	0	3	5	5	47
Sentraladministrasjon		0	0	0	0	0	1	3
Høgskolen i Bergen		16	6	9	7	21	33	151

I tillegg til dette har avdelingane innrapportert 257 andre registrerte FoU-arbeid (artiklar i fag- eller bransjetidsskrift, faglege foredrag v/fagmøte, gjesteforelesingar, kunstnarleg utviklingsarbeid og anna FoU-formidling).

3.5 Forskings- og utviklingsaktivitet

Høgskolen i Bergen har eit utstrakt samarbeid med arbeids- og samfunnsliv i regionen. Avdeling for ingeniøruddanning samarbeider med ei rekkje bedrifter i Bergensområdet, Avdeling for læreruddanning med skolar og barnehagar og Avdeling for helse- og sosialfag med helseinstitusjonar og offentlege kontor. Samarbeidet omfattar både kursverksemd og ulike typar FoU-arbeid. Fleire av publikasjonane i skriftserien dokumenterer dette samarbeidet.

3.6 Samarbeid med Statens utdanningskontor/Fylkesmannen

Samarbeidet med Statens utdanningskontor har halde fram i 2002. Høgskolen har eit godt samarbeid med Fylkesmannen om kurs og kompetanseutvikling av administrativt personale innanfor barnehagesektoren.

3.7 Forskingsevalueringar

Høgskolen har ikkje hatt forskningsevalueringar av institusjonens fagmiljø i 2002.

Til toppen

4. Internasjonalisering

Dei strategiske føringane for internasjonaliseringsarbeidet ved Høgskolen i Bergen ligg til eit styreopnemnt utval for læring, internasjonalisering og studiekvalitet (LIS-utvalet). Utvalet blir leia av prorektor, og består av prodekanane, 2 studentar og ein ekstern styrerepresentant. Studiedirektøren har sekretæransvaret via internasjonal koordinator, som også leier ei administrativ gruppe for internasjonalisering. Gruppa er samansett av ein tilsett frå kvar avdeling med ansvar for den internasjonale verksemda. Den administrative gruppa er premissleverandør til LIS-utvalet, og skal utvikle rutinar for dokumentasjon og rapportering, følgje opp rapportane, syte for informasjon om internasjonale program og søknadsfristar og hjelpe til med søknadsskriving, koordinere og leggje til rette for samarbeid på tvers av avdelingane.

Nordplus

I 2002 var høgskolen koordinator for 9 nettverk innanfor Nordplus-samarbeidet. I tillegg var høgskolen partner i 19 ulike nettverk, (sjå vedlagde tabell hib0304). Omfanget av student- og lærarutvekslinga går fram av DBH-tabellane frå 2002. Høgskolen hadde ein auke i talet på både utreisande og innreisande studentar innanfor Nordplus-programmet. Mobiliteten innanfor NORDPLUS er likevel langt lågare enn innanfor til dømes ERASMUS. Talet på utreisande lærarar har auka radikalt innanfor dette programmet. Over dobbelt så mange lærarar reiste ut i 2002 som i 2001. Det er òg langt fleire enn innanfor ERASMUS. Lærarar som reiste inn, er på same nivå som i 2001.

Sokrates/Erasmus

For studieåret 2002/03 har HiB samarbeidsavtalar innanfor Erasmus-programmet med om lag 60 institusjonar i 13 EU-land. Det er ein auke på 50% frå 2001. ERASMUS-partnarar kjem fram av tabell hib0304. Gjennom Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU) blei det løyvt Erasmus-stipend til både studentar (kr 182 476) og lærarar (kr 65 208). Høgskolen fekk innvilga kr 40 235 til organisering av mobilitet (OM) for inneverande studieår. 1. november 2002 søkte høgskolen om ERASMUS University Charter. Høgskolen leverte rapport til Brüssel innan fristen 1. november 2002 om aktivitetane i studieåret 01/02. Omfanget av student- og lærarutvekslinga går fram av DBH tabellane frå 2002.

Høgskolen i Bergen har auka talet på innkomne studentar innanfor ERASMUS programmet med 100% sidan 2001. Det er berre ein svak oppgang med omsyn til utreisande studentar. Framleis er det mange som vel å reise utanfor dei europeiske programma. Det har vore ein nedgang i lærarmobilitet i begge retningar.

Sokrates/Comenius

Høgskolen i Bergen er koordinator i COMENIUS 3-nettverket DIPSIE (Democracy In Primary Schools in Europe) og partner i History of Sciences and Technology. University of Hull, UK, er koordinatorinstitusjon. Eit tidlegare COMENIUS 3-nettverk FUTURES (Futures Teaching Methods Through Teaching Futures Studies) er no etterutdanningskurs som Høgskolen i Bergen koordinerer.

Leonardo da Vinci

Høgskolen har samarbeidsavtaler med Hordaland fylkeskommune og med NTNU om lærar- og studentutplassering. Det er berre Avdeling for ingeniørutdanning som har aktivitet innanfor Leonardo da Vinci-programmet. Både eksisterande og uteksaminerte ingeniørstudentar fekk yrkeserfaring gjennom programmet i 2002.

Kvoteprogrammet

Høgskolen søkte for første gong i år 2001 om å ta imot studentar innanfor Støtteordninga i Statens lånekasse for utdanning for studentar frå land i Sentral- og Øst Europa og utviklingsland. Høgskolen fekk i år 2002 tildelt 3 kvoteplassar for studieåra 2003-2006: 2 studentar frå Afrika, og ein student frå Aust-Europa. På grunn av norskopplæring kjem Høgskolen i Bergen til å ta imot sin første kvotestudent hausten 2003, medan dei to neste kjem først hausten 2004.

Internasjonalt samarbeid utanfor program

Avdeling for helse- og sosialfag har arbeidd vidare med å vidareutvikle samarbeidsprosjekt i Tanzania, Malawi og Ghana. Ei rekkje studentar frå fleire utdanningar har hatt praksisopphald i desse landa. Det har òg vore lærarutveksling både til og frå Bergen mellom samarbeidsinstitusjonane i 2002.

Avdeling for lærarutdanning har i mange år hatt samarbeidsprosjekt med lærarutdanninga ved Western Cape College of Education i Sør Afrika. Denne institusjonen blei lagd ned i 2002. Fagpersonar i Cape Town som har vore involverte i prosjektsamarbeid med Høgskolen i Bergen, har fått tilsetjing ved University of Western Cape og Cape Technicon. Høgskolen i Bergen arbeider for å inngå samarbeidsavtale med desse universiteta.

Høgskolen har i år 2002 også sendt studentar til Australia, USA og Chile. Til europeiske land utanfor EU har høgskolen sendt studentar til Sveits, Malta og Tsjekkia. Det er òg inngått nye avtalar med institusjonar i Litauen og Polen.

Høgskolen har sendt ut færre studentar utanfor dei europeiske programma i 2002 enn i 2001. Det er framleis Avdeling for helse- og sosialfag som sender flest studentar til andre kontinent. Det er også den avdelinga som står for det meste av den totala studentmobiliteten. Avdelinga har framleis mange studentar som er ute i praksis i ein periode mindre enn 3 mnd. Sjukepleiarutdanninga sende mange studentar til Australia og Ghana i år 2002. Elles reiste fleire sosionomstudentar og vernepleiestudentar til ulike institusjonar i Tanzania. Høgskolen hadde ingen studentar inn utanfor europeiske program.

Høgskolen har arbeidd mykje i år 2002 for å inngå nye samarbeidsavtalar. Høgskolens formelle samarbeidspartnarar utanfor program kjem fram av tabell hib0304.

Til toppen

5. Formidling

Høgskolen har i 2002 teke eit krafttak for å utvikle formidlinga av FoU-arbeidet. Den viktigaste satsinga har vore auka vekt på FoU-nyhende på høgskolens web-sider. Eit eige medietreningskurs for tilsette blei sett i gang og vil bli vidareført i 2003. Samtidig blei det hausten 2002 sett i gang eit arbeid med å utvikle ein eigen plan for FoU-formidling ved høgskolen.

Høgskolen arbeider med ein elektronisk kompetansekatalog som skal vere ferdig våren 2003.

5.1 Utgiving av tidsskrift m.m

Høgskolens skriftserie kom ut med åtte nummer i 2002. Bidraga er dels reine FoU-arbeid, rapportar og dels populærvitenskaplege bidrag. Det er gjort eit prinsippvedtak om overgang til elektronisk publisering av skriftserien.

5.2 Populærvitenskapleg verksemd

Slik verksemd skjer blant anna gjennom foredrag og gjesteforelesingar, dokumenterte i BIBSYS. I tillegg kjem satsinga på Forskingsdagane, der Høgskolen i Bergen deltek i det felles programmet som utdannings- og forskingsmiljøet i Bergen går saman om.

5.3 Publikumsbesøk til museum, utstillingar og liknande

Høgskolen i Bergen har inga museumsverksemd.

Til toppen

6. Eksternt finansiert verksemd og randsoneinstitusjonar

6.1 Rekneskapsført hos institusjonane

Utgiftene til oppdragsverksemda (post 21) auka frå 19,3 mill.kr i 2001 til 23,4 mill.kr i 2002. Inntektene på post 01 auka frå 18,4 mill.kr i 2001 til 23,9 mill.kr i 2002.

6.2 Deltaking i EU-finansierte forskingsprosjekt

Høgskolen har ikkje vore med i noko EU-finansiert forskingsprosjekt i 2002.

6.3 Randsoneinstitusjonar

Høgskolen har ein samarbeidsavtale med Christian Michelsen Research AS. Høgskolen deltek med kr 150 000 i aksjekapital i IT Vest AS.

Til toppen

7. Administrative omstillingstiltak

7.1 Omdisponeringar på budsjettet

Høgskolen i Bergen har ikkje gjennomført vesentlege omdisponeringar på budsjettet i år 2002, og har i all hovudsak nytta den same interne budsjettfordelingsmodellen som i år 2001.

7.2 Forenkling av styringsstruktur eller administrative rutinar

Ved Høgskolen i Bergen er arbeidet med kvalitetsreforma delt opp i følgjande delprosjekt:

- Studiekvalitet og læringsmiljø
- Organisering, styring og leiing
- Planar og dokumentasjon av kvalitetsarbeid
- Nytt finansieringssystem

Ei arbeidsgruppe utarbeidde hausten 2002 eit forslag til ny organisering, styring og leiing. Etter ein høyringsrunde vedtok styret i møte 18.12.02 den nye organiseringa. Hovudpunkta er:

- avdelingsstyra og høgskolerådet blir nedlagde
- åremålstilsett einheitleg leiar på avdelingsnivå etter ekstern utlysing

det skal arbeidast vidare med spørsmålet om understruktur, som skal avklarast våren

det skal opprettast ei arbeidsgruppe for å komme med forslag til ny

det skal opprettast ei arbeidsgruppe for å komme med forslag til ny råds- og

7.3 Omorganisering o.l.

Den felles stillinga som personal- og økonomidirektør blei ledig i desember 2002. Ordninga skal evaluerast, og i mellomtida er det tilsett ein personaldirektør og ein økonomidirektør i mellombels stilling til 30.6.03, jf pkt 7.2.

7.4 Bruk av særskilde midlar til omstilling

Omstillingsavtale for Høgskolen i Bergen blei underskriven i januar 2002. Det er oppretta eit omstillingsutval som hadde tre møte i 2002. Utvalet konkluderte med at det ikkje var behov for midlar til omstillingstiltak i 2002. Dei avsette midlane, kr 1 239 000, er derfor overført til 2003.

Til toppen

8. Bygg og leige

Tabell 7 gir ei oversikt over dei areala Høgskolen i Bergen leiger, dvs. 62 652 m² brutto fordelt på 5 hovudstudiestader og på 5 mindre einingar (Landås, Voss m.v.). Samla husleige var kr 54 491' eller 870 kr/m² i 2002. For 2003 er leiga berekna til kr 57 611' eller 926 kr/m². Kvaliteten på leigeareala varierer sterkt, og ved dei store avdelingane er romkapasiteten sprengd.

Tabell 7(jf.DBHTabell 8.3) Oversikt over golvareal og utgifter til husleige m.m. i 2001-2003					
Namn på bygg/eigedom	Brutto kvm	Leigebeløp 2001	Leigebeløp 2002	Leigebeløp 2003	Leige pr. kvm i 2002
Areal der det blir betalt leige til Statsbygg					
Haukelandsbakken 45	5 561	4 039	4 102	4 419	738
Haugeveien 28	6 261	5 316	5 657	5 886	904
Landåssvingen 15	18 001	18 393	18 393	18 942	1 022
Sum	29 823	27 748	28 152	29 224	944
Areal der det blir betalt leige til andre					
Nygårdsgt.112	20 440	12 931	14 531	16 538	711
Nygårdsgt. 114	4 352	4 372	4 439	4 510	1 020
Nygårdsgt. 114 (2.&3.et. høgblock)	1 236	1 527	1 561	1 606	1 263
Møllendalsveien 6	5 110	4 688	4 852	4 942	950
Landås skole	653	238	176	176	270
Gymnasvn, Voss	470	420	427	433	909
Kvinnekl. Bergen	121	80	90	92	744
HIB, Thormø lensgt	30	80	86	90	2 867
Heiane, Stord	410	303	177	0	431
Sum	32 822	24 639	26 339	28 387	802
Totalsummar for brutto kvm og leigebeløp	62 645	52 387	54 491	57 611	870

Avdeling for helse- og sosialfag disponerte 6 261 m² brutto på Nordnes (sosialfag m.v.) i 2002, og husleiga var 904 kr/m² inkl. indre vedlikehald. I Haukelandsbakken (sjukepleie, radiografi) disponerte avdelinga 5561 m² til 738 kr/m². I Møllendalsveien (fysioterapi,

ergoterapi) disponerte avdelinga 5 110 m² til 950 kr/m². Statsbygg Vest er utleigar på dei to førstnemnde studiestadene, medan Backer A.S. er utleigar på den sistnemnde. På oppmoding frå høgskolen førebur Statsbygg Vest eit prosjekt i Haukelandsbakken (nytt auditorium og nye grupperom).

Avdeling for ingeniørutdanning disponerte 20 440m² til 711 kr/m² ekskl. indre vedlikehald i Ny-gårdsgt. 112, 4352 m² i Nygårdsgt. 114 (lågblokka) til 1 020 kr/m² ekskl. indre vedlikehald og 1236 m² i Nygårdsgt. 114 (høgblokka) til 1 263 kr/m². Odfjell Eiendom A/S eig desse bygga. Driftsutgiftene i Nygårdsgt. har auka monaleg også i 2002. Høgskolen har etter avtale med utleigar betalt 1,6 mill. kr i auka husleige i 2002. Det same beløpet vil bli betalt i åra frametter. Desse midlane er øyremerkte til naudsynte opprustingar i Nygårdsgt. 112.

Avdeling for lærarutdanning disponerte 18 001 m² til 1 022 kr/m² inkl. indre vedlikehald på Landås med Statsbygg Vest som utleigar, og 653 m² til 250 kr/m² (ekskl. indre vedlikehald) på Landås skole med Bergen kommune som utleigar. Symjehallen på Landås blei stengd hausten 2002. Statsbygg Vest har starta arbeidet med fullstendig renovering og opprusting av den gamle symjehallen.

Samlokaliseringsprosjektet på Kronstad har halde fram i 2002 under Statsbyggs leing. Statsbygg har kjøpt tomta av Celexa (tidlegare NSB Eiendom). Statsbygg har oppnemnt ein eigen prosjektorganisasjon med prosjektleiar. Internt på høgskolen har ein arbeid med revurdering av funksjonsprogrammet frå 1997.

Til toppen

9. Personalpolitikk

Høgskolen har i 2002 vore pilothøgskole i utvikling av seniorpolitiske tiltak. Høgskolen har arbeidd med grunnlaget for å inngå avtale om inkluderande arbeidsliv (sett i verk 01.01.03), etablert eit sentralt atfføringsutval, videreutvikla HMS-arbeidet, etablert eit omstillingsutval og arbeidd med kompetanseutvikling for dei tilsette.

Stillingstype	Grunnbudsjett		Eksternt finansiert						Summar	
	Fast tilsett	Mbels tilsett	NFR		Arbeidsmarknadstiltak		Andre		Total tal	Prosent kvinner
			Fast tilsett	Mbels tilsett	Fast tilsett	Mbels tilsett	Fast tilsett	Mbels tilsett		
1. Undervisnings-, forskings og formidlingsstillingar	286.17	68.87	0.00	0.00	0.00	1.17	11.30	12.25	379.76	56.53
1.1 Undervisnings- og forskarstillingar	(286.17)	(59.87)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(1.17)	(11.30)	(12.25)	(370.76)	(56.83)
a) de rav professor	(2.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(2.00)	(0.00)
b) de rav førsteam ane nsis	(50.00)	(3.85)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(.20)	(54.05)	(32.93)
1.2 a) Stipendiat	(0.00)	(9.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(9.00)	(44.44)
b) Post-doc	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)
2. Støttestillingar for undervisning, forskning og formidling	35.70	2.75	0.00	0.00	0.00	1.00	0.00	0.00	39.45	39.16
3. Drifts- og vedlikehaldsstillingar	6.00	0.00	0.00	0.00	0.00	0.00	0.00	0.00	6.00	16.67
4. Administrative stillingar	72.05	22.05	0.00	0.00	0.00	0.00	0.00	18.50	112.60	72.60
4.1 Leiarar	(3.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(3.00)	(66.67)
4.2 Mellom leiarar	(4.00)	(3.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(0.00)	(7.00)	(42.86)
5. Andre stillingar	0.00	.80	0.00	0.00	0.00	0.00	0.00	0.00	.80	100.00
Sum	399.92	94.47	0.00	0.00	0.00	2.17	11.30	30.75	538.61	58.24

Styret auka stillingsramma frå 01.08.02 med 5,5 undervisnings- og forskarstillingar. Ramma for tilsette i faste stillingar finansiert over høgskolens grunnbudsjett er etter dette 477,5 årsverk.

I 2002 har høgskolen rekneskapsført kr 10 445 000 i lønnsutgifter (inkl. arbeidsgiveravgift) til timelærarar og gjesteførelesarar. Det tilsvarer 25 årsverk (å kr 425 000). Innanfor visse fagområde er timelærarbruken stor, og høgskolen vurderer kontinuerleg omfordeling av timelærarressursen. Auken på 5,5 undervisningsstillingar frå 01.08.02 var konvertering av timelærarressursar til faste stillingar.

Høgskolen har i 2002 ikkje behandla søknader om yrkesgodkjenning i undervisnings- og forskarstillingar frå søkjarar busett utanfor Noreg.

9.1 Kvinner i vitskapelege og administrative stillingar (årsverk)

Høgskolens tilpassingsavtale til hovudavtalen har følgjande gruppering av stillingsgrupper når det gjeld 40%- representasjonen i § 21 om likestilling: undervisningspersonale/vitskapeleg personale, teknisk personale, saksbehandlarar og leiarstillingar. Kvinnedelen går fram av tabell 3.9., 58% av høgskolens tilsette er kvinner. Høgskolen har ikkje sett opp måltal når det gjeld kvinner i dei enkelte stillingskategoriane. Det blei tilsett 7 nye stipendiatar i 2002, derav 5 kvinner.

Høgskolen har ikke mentorordningar reservert for kvinner.

9.2 Kompetanseheving for tilsette

Særskilte midlar knytte til kompetanseheving for fagpersonalet i lærerutdanninga, til saman kr 380 000, er disponerte til 9 prosjekt: Rettleiing som dørøpnar, Samfunnsbilete og samfunnskunnskap hos elevar, lærarar og lærarstudentar, Kampen om kroppen - mat og mosjon, Mapper som lærings- og vurderingsreiskap, Spelet i rommet mellom teater og utdanning, Frå skoleovertaking til praksisskole, Vurdering utan karakter, I kva grad og korleis er drama som fagområde og metode ein del av innhaldet og arbeidsmåten i den nye grunnskolen og Dramatisk framføring i ein pedagogisk kontekst. I tillegg var det midlar til IKT i lærerutdanninga og til støtte til samarbeidstiltak med kompetansesentra.

20 fagleg og administrativt tilsette gjennomførte eit internt engelskkurs på 150 timar i 2002 med engelskseksjonen ved Avdeling for lærerutdanning som fagleg ansvarleg.

Høgskolen i Bergen er med i eit nettverk for statlege institusjonar, Opplæringsnettverket i Hordaland, OPN, som tilbyr felleskurs for administrativt tilsette. På kurs som blei arrangerte i fellesskap med nettverket, var desse med frå høgskolen:

- "Service og kvalitet i 1.linjeteneste" – 9 deltakarar,
- "PowerPoint grunnkurs" – 18 deltakarar,
- "Prestentasjonsteknikk i PowerPoint" – 8 deltakarar,
- "Effektiv tidstyring" – 5 deltakarar.

Det blei også arrangert internt felleskurs i Outlook og Excel for vidaregåande – 10 deltakarar på kvart kurs, og "Mous-sertifikat for superbrukere" ble gitt til kvar avdeling i Word, Excel og PowerPoint – 7 deltakarar på kvart kurs.

Kurset "Førebuing til pensjonsalderen" blei gjennomført i desember over 2 dagar med til saman 20 fagleg og administrativt tilsette.

Vidare har 2 tilsette gjennomført 10 vt i saksbehandling ved Universitetet i Bergen, 2 tilsette deltek på 1.avd. juss – 20 vt, 3 tilsette deltok i Statskonsultkurset "Ny som leiar", 1 tilsett deltek vidare på vaktmeisterskolen over tre semester, og 1 tilsett har gjennomført Web-design 5vt., 2 tilsette deltok på prosjektleiing 2 vt. I desember starta 14 deltakarar på kurs i prosjektleiing – 6 studiepoeng – med Avdeling for ingeniørutdanning som fagleg ansvarleg.

Tab 9.2 Kompetanseheving

TALET PÅ TILSETTE SOM DELTEK PÅ HOVUDFAGS- ELLER DR. GRADSPROGRAM		TALET PÅ TILSETTE MED OPPRYKK I STILLING SOM FLG AV OPPNÅDD HOVUDFAG ELLER DR. GRAD I 2002	
Hovudfag	Dr. grad	Hovudfag	Dr. grad
16	36*	9	5

* Inkl. 9 stipendiatar

9.3 Helse, miljø og tryggleik

Det har gjennom fleire år vore arbeidt målretta med helse, miljø og tryggleik ved høgskolen, bl.a. gjennom høgskolens arbeidsmiljøutval. Høgskolen har ein eigen avtale om bedriftshelseteneste med eit eksternt firma og eit opplegg for rutinar for oppfølging av sjuke medarbeidarar. Høgskolen har også et aktivt velferdsutval som arrangerer ei rekkje fritidstilbod for dei tilsette. I 2001 ble det innført ei ordning med arbeidsmiljøpris for HiB. Denne ordninga vil bli vidareført i 2003.

I 2002 gjorde Høgskolen i Bergen avtale med Trygdeetatens arbeidslivssenter om inkluderande arbeidsliv. Denne avtalen vil gjelde i 2003.

I 2002 blei det oppretta eit sentralt atfføringsutval som eit underutval til Arbeidsmiljøutvalet. Utvalet vil ha ein pådrivarfunksjon i forhold til sjukefråværsarbeidet, og utvalet vil også behandle enkeltsaker. Det er fleire saker knytte til bedriftsintern atfføring der det vil kunne vere mogleg å finne løysingar for omplassering av medarbeidarar. For å kunne få til slike løysingar, vil høgskolen avsetje midlar til bedriftsintern atfføring.

Til toppen

10. Spesielle område

10.1 Entreprenørskap

Høgskolen etablerte våren 2001 Senter for nyskaping. Hovudmål for senteret er å:

bidra til å forme høgskolens strategiske planar i retning av større engasjement mot

bidra til å heve dei tilsette si evne og vilje til å samspele med regionalt næringsliv
bidra til at høgskolen blir eit konkurransefortrinn for næringsliv/SMB og etablerarar i

vere eit serviceorgan overfor næringslivet når det gjeld informasjon, rettleiing,

bidra til at ressurspersonar frå næringslivet i større grad blir brukte i undervisning og

Innanfor Senter for nyskaping vart det hausten 2002 etablert ein eigen studentinkubator. Inkubatoren er lokalisert ved Avdeling for ingeniørutdanning og kan huse 4-6 nyetablerarar. Senteret er i ferd med å byggje opp ei eiga rettleiargruppe som skal rettleie og undervise innanfor entreprenørskap. Til no har 6 lærarar delteke på eit eller fleire kurs i opplæringsprogrammet. Opplæringsprogrammet er i regi av Innovation Net der høgskolen deltek aktivt.

Høgskolen i Bergen deltok i prosjektet SMB-Kompetanse og SMB-Høgskole. Desse prosjekta er no samordna innanfor prosjektet næringsretta Høgskolesatsing, nHS.

Hovudmålet er framleis å skape positive holdningar til innovasjon og nyskaping blant studentar og tilsette ved høgskolen og auka samhandling med lokalt næringsliv.

I samarbeid med 18 andre høgskolar deltek Høgskolen i Bergen i nettverket Innovation Net. Der har høgskolen hovudansvaret for gjennomføring av eit kurs i entreprenørskap (12 sp).

Høgskolen har i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, SND og andre inkubatorar i Hordaland (Forinnova, SAIL port på Voss, Medilab, CMR og Rugekassen på Stord) etablert og drifta INUNET. Dette er kontaktnett for inkubatorar i Hordaland. Målet er å hjelpe kvarandre med kompetanseoppbygging og informasjonsutveksling.

10.2 Miljøspørsmål

Høgskolen i Bergen har ikkje hatt utgifter til større miljørelaterte tiltak i 2002.

10.3 Dugleiksvurdering i lærarutdanningane

Tabell 10.4.1 Dugleiksvurdering i lærarutdanningane				
	Tvilsmeldingar behandla av institusjonsansvarleg	Saker behandla i dugleiksnemnda	Saker som fører til vedtak om ikkje-dugleik	Saker som fører til vedtak om både ikkje-dugleik og utestenging
Tal på saker	0	0	0	1

Som det går fram av tabell 10.4.1 har Høgskolen i Bergen hatt ei slik sak i 2002. Styret vedtok at vedkomande student ved førskolelærerutdanninga ikkje var skikka for yrket med påfølgjande utestenging frå studiet i 3 år. Saka blei gjennom advokat anka til departementet som slutta seg til styrets vedtak. Gjennom advokat har studenten teke ut sivil søksmål i saka.

10.4 Rutinar for innkjøpsverksemda

Høgskolen har ei eiga sentralt plassert stilling som innkjøpsleiar og eit forum for innkjøpsverksemd som legg opp planar for felles innkjøp. Høgskolen følgjer "Forskrift om offentlige anskaffelser" ved større innkjøp.

10.5 IKT som fag i høgare utdanning

Høgskolen tilbyr følgjande IKT- fag:

- IKT for lærarar 30 studiepoeng (modular á 6 sp).
- Kreativ webdesign 15 sp
- Vidargående webdesign 15 sp
- Multimedia for web 15 sp

[Til toppen](#)

11. Lærlingplassar

Høgskolen i Bergen hadde i januar 2002 to kontorfaglærlingar etter reform 94. I haustsemesteret avla ein lærling fagprøve, og det blei teke inn ein ny lærling frå 1. september. Den andre lærlingen var då ferdig med første året. Høgskolen hadde to kontorfaglærlingar pr. 31.12.2002.

Lønnsutgifter ekskl. refundering var kr 189 669 i 2002.

